



Krabbefangst presentert av Ingvill Myklebust og Roberth Nilsen Stensletten. Dei slo fast at det var to hannar!

Det er von i hangande snøre, heiter det. Men for dei 23 elevane i sjette og sjuande klasse ved skulen i Uskedalen blir vona i denne veka til verkelegheit. Elevane håver inn kunnskap om livet i strandsona som deltakarar i eit spennande TERS-prosjekt oiver 3 dagar.

I dag har teori vorte praksis for elevane, på Valeøya utanfor Valen. Dei fekk gode fangstar med garn og teiner og lærte sikkert meir på ein time enn dei kan læra på dagar i klasserommet.



- Dette er ein hjartemusling, seier Frida Nybakk, som er flink til å bestemma artar TERS tyder 'teknologi og realfag i skulen', blir i stor grad finansiert av næringslivet og biologilærar og prosjektleiar Knut Jan Kaldestad ved KVV har 14 prosents stilling knytta til TERS..



Prosjektleiar Kaldestad med ein trollhummar, ein delikatesse for torsken

Til prosjektet som no er igang har han fått 70.000 frå denne potten og har bygt opp eit imponerande pedagogisk grunnmateriale som blir brukt no. TERS har til dømes også eigen båt

Ein kan kanskje undrast over at elevane frå Uskedalen må dra heilt til Valen for å gjennomføra prosjektet, men svaret er at dette er eit utprøvingår og at prosjektet neste år kan gjennomførast til dømes i Uskedalen. Ein skal også hugse at Valeøya er Kaldestads rike - han bur i området og kjenner ikkje bere strandsonen men veit også kva fjorden gøymer. Han har før gjennomført noko liknande ved KVV og Bringedalsbygda skule

- Ein drømmejobb, innrømmer han når han stig i land med nye fangstar saman med ei elevgruppe. Elevane er delt i 5 grupper som har dei same oppdraga. Garn og teinetrekkjing sto øverst på programmet i dag. Prøvetaking er også ein sentral arbeidsoppgåve og det gjeld prøver av vatnet, saltgehalten, botnprøve og planktonprøve. I morgon blir det evaluering og trekkjing av konklusjonar men då på skulen i Uskedalen, der Åse Myklebust Neset og Odd Steinar Arnesen er kontaktlærarar for prosjektet.

Når det gjeld fangstane fekk elevane mellom anna torsk, krabbar, flyndre, hummar og taggemakrell. Det er langt meir å få av den siste enn før, noko som har samanheng med auka temperaturen i havet.

Hummeren var sluppe ut att - det er ikkje sesong før 1. oktober. Også i sjølve strandsona fant elevane mykje spennande liv.

Kva dei tykte om prosjektet? Måten dei engasjerte seg på var svar godt nok. Dei tykte det var kjekt og gjekk inn for det med liv og lyst.



Elevane kunne håva inn fleire torskar. Her står Sondre Stensletten Myklbust med ein. Til høgre Martin Yri Røssland
Tekst og foto. Ola Matti Mathisen



Å få ei krabbe ut av eitt garn er ei tålmodigheitsprøve, erfarer Sondre Stensletten Myklebust, Rebekka Hauge og Martin Yri Røsland.



Prosjektleiaren lærar elevane korleis dei skal ta planktonprøver